

HØYRINGSUTKAST

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027 i Stryn kommune

Heimel

Utkast til skuleruta har vore sak i Utval for oppvekst 6.november 2025 og leggst no ut på høyring i perioden 11.11.25 - 23.12.25. Skuleruta skal i etterkant vedtakast i kommunestyre på nyåret i 2026, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skuledagar, ferie og fridagar for elevane i grunnskulen i Stryn kommune skuleåret 2026-2027.

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevane ved alle grunnskulane i Stryn kommune, skuleåret 2026-2027.

§ 2 Skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027

Månadane:	Tal skuledagar:
August 2026: Første skuledag måndag 17.august	11 dagar
September 2026:	22 dagar
Oktober 2026: Haustferie måndag 5. oktober – fredag 09. oktober (veke 41)	17 dagar

November 2026: Elevfri dag fredag 6. november	20 dagar
Desember 2026: Siste skuledag før jul, fredag 18.desember Juleferie: måndag 21.desember 2026 – fredag 01.januar 2027	14 dagar
Januar 2027: Første skuledag etter jul, måndag 4. januar 2027	20 dagar
Februar 2027: Vinterferie måndag 22.februar – fredag 26.februar(veke 8)	15 dagar
Mars 2027: Siste skuledag før påske fredag 19.mars, påskeferie måndag 22.mars – måndag 29.mars. Første skuledag etter påske: tysdag 30.mars	17 dagar
April 2027:	22 dagar
Mai 2027: Elevfri dag torsdag 06.mai (Kristi Himmelfartsdag) fredag 7.mai og mandag 17.mai (2.pinsedag og grunnlovsdag)	18 dagar
Juni 2027: Siste skuledag fredag 18.juni	14 dagar
Sum	190 dagar

§3 Iverksetting og opphøyr

Denne forskrifta gjeld frå 01.08.2026 og opphøyrer 31.07.2027.